

Koronavaksine til gravide

Kort informasjon frå Folkehelseinstituttet om vaksine mot koronasjukdomen covid-19.

Om covid-19

Gravide har auka sannsyn for alvorleg sjukdom som følgje av covid-19. Risikoen for alvorleg forløp aukar jo lenger ut i svangerskapet kvinne blir smitta. Folkehelseinstituttet tilrår derfor gravide å beskytte seg ved å ta to dosar koronavaksine.

Råd:

- Grunnvaksinasjon til alle gravide som enno ikkje er grunnvaksinert. Dette gjeld uavhengig av trimester.
- Gravide blir også tilrådd oppfriskingsvaksine. Det er særleg viktig for kvinner som er gravide i 2. og 3. trimester der det er gått meir enn 20 veker sidan 2. dose, og første trimester dersom det ligg føre tilleggssjukdom hos den gravide.

Bakgrunn

Dei norske råda om koronavaksinasjon av gravide kom etter at ein hadde fått auka informasjon om effekten vaksinen har på mor og barn. Det vi veit om effekt av vaksinen, er hovudsakleg frå andre land. I Storbritannia har dei til dømes lenge hatt eit høgare smittepress, og det er fleire gravide som har vore innlagde.

Internasjonale studiar viser at gravide som blir smitta av covid-19, har auka risiko for innlegging og behov for pustehjelp enn ikkje-gravide på same alder. Delen med behov for pustehjelp har auka med alle variantar av viruset. Det er også vist høgare risiko for tidleg fødsel enn hos gravide som ikkje har påvist covid-19 på same tidspunkt i graviditeten. Risikoen for pusteproblem og for tidleg fødsel er sjeldan hos fullvaksinerte gravide.

Desse studiane viser den beskyttande effekten vaksinen har mot alvorleg sjukdom hos mor, og stadfester kor viktig det er å beskytte seg med vaksine dersom ein har sjansen. Antistoff som mor dannar etter vaksinasjon, blir også overført til fosteret, slik at barnet også er beskytta etter fødsel. Det er ingen studiar som tyder på at vaksinen har negativ effekt på graviditeten eller fosteret.

Biverknader

Dei vanlegaste biverknadene som hovudverk, utmatting, kjenne seg uvel, feber, kvalme og smerter i kroppen er også vanlege hos gravide. Symptoma kjem gjerne første eller andre dag etter vaksinering og varer omrent 2–3 døgn. Det er ikkje påvist graviditetsspesifikke biverknader av vaksinar som er godkjende i Noreg.

Kvar kan eg ta koronavaksinen?

Spør jordmor, lege eller sjå nettsidene til kommunen din om kvar du kan få koronavaksine.

Meir informasjon

Tittel: Koronavaksine til gravide

Språk: Nynorsk

Oppretta: 01.12.21

Oppdatert: 16.02.22



Les meir om råd til gravide og ammande i Koronarettleiaren:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/befolningen/rad-for-gravide-og-ammende/>